



Kommunal- og moderniseringsdepartementet  
Postboks 8112 Dep  
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Oppnemning av setjefylkesmann - Meland - 47/12 - Rossland - frådelling av tomt - dispensasjon

Vi viser til brev frå Meland kommune datert 11.09.2019. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå LNF-formålet for ovanfornemnde tiltak.

Utval for drift og utvikling gav i vedtak av 07.05.2019, i sak 36/2019, dispensasjon for frådelling.

Vedtaket vart klaga på av Fylkesmannen i Vestland i brev datert 11.06.2019.

Utval for drift og utvikling handsama klaga i møte den 03.09.2019, i sak 69/2019, og klaga vart ikkje teken til følgje. Det vart gjeve utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42.

Fylkesmannen kan ikkje sjå at det er kome fram nye opplysningar i saka som gjev grunnlag for å trekke klagen vår.

Med tilvising til Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-6/96 ber vi om at departementet oppnemner setjefylkesmann for handsaming av denne saka.

Fylkesmannen i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjefylkesmannen etter oppnemning jf. [nye rutiner ved forsendelse av settefylkesmannsaker etter plan og bygningsloven](#)

Med helsing

Åse Vaag  
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



Kopi til:

Jan Olav Bratshaug Åsebøvegen 38 5917 Rossland  
Meland kommune Postboks 79 5906 FREKHAUG